



E-76 avslutter låvedans-sesongen på Dønhaug

Laurdag 16. august er det låvedansavslutning på Dønhaug med Telemark-gruppa E-76. Dette er eit country/rock-band frå Vinje og det er godt kjend for dei aller fleste dansegilde.

Bandet vart stifta i 1991 og består av både heiltidsmusikarar og folk som har andre yrke ved sida av, alt frå geit/sauebonde, snekkar, vaktmeister og til lærar.

Tekstane og melodiane er sjølv laga, og songane har mykje humor. Dei er ofte sjølvopplevde eller er henta frå historiar i nærmiljøet. For tida arbeidar dei med ein ny CD, Denne vil bli sleppt i september. På låvedansen vil difor gjestene få høyra smakebitar frå denne komande CD-en.

Bandet spela på Dønhauglåven sommaren 2006, og skapte skikkeleg god stemning. Dei som ynskjer meir info. om bandet og arr. kan gå inn på www.dønhaug.no eller på bandet si eiga heimeside www.e-76.no Som vanleg vil det gå bussar når arr. er slutt og det vert sal av grillmat.

Bandet består av Edmund Loftsgarden, song/sologitar, Georg Hagen, song/gitar, Oddmund Vågslid, trommer, Bjørn Edmund Fosstveit, bass og Oddbjørn Aase song/keyboard/trekkspel.

Av Magne Huglen